



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Aurland

Dato: 29.06.2026

Tidspunkt: 13:30 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Bøe Bjørgum	Leiar	Aurland kommune
Marta Sofie Vange	Nestleiar	Vik kommune
Audun Mo	Medlem	Lærdal kommune
Samson Hamre	Medlem	Voss herad
Marianne Nordhus	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre møtedeltakarar:

- Kristoffer Ullern Hansen, SNO
- Magnhild Aspevik, landbrukssjef Årdal / Lærdal / Aurland (deltok på møte 29. juni)
- Linda Herfindal Lien, kommunikasjonsrådgjevar
- Kari Mostad, Voss herad (deltok på synfaringa 30. juni)
- Kari Mørkve Jordalen, Jordalen grendalag (deltok på synfaringa 30. juni)
- Inge Einar Jordalen, Jordalen utmarkslag (deltok på synfaringa 30. juni)

30. juni var verneområdestyret på synfaring til Slettedalen, stølen til Jordalen. Tema for synfaringa var ny rasteplass utanfor stølsområdet i Slettedalen, villrein og ferdsel, og utfordringar med lause hundar i område med beitedyr og ville dyr.

Andre frammøtte:

Namn	
Anbjørg Nornes	verneområdeforvaltar / sekretær
Jorunn Vallestad	verneområdeforvaltar / sekretær

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kjell Bøe Bjørgum

Marta Sofie Vange

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 16/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 17/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 18/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 7/26	Klage på Aurland kommune sitt vedtak - Nærøyfjorden verneområdestyre - gjenoppbygging av Hortastova - Aurland 56/1		2025/8353
RS 8/26	Søknadspliktig tiltak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen		2026/10243
RS 9/26	Krav om retting - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Ljosdalen - oppføring av nye bygg på stølen		2022/11835
RS 10/26	Forvaltningsmyndighet for Frønningen naturreservat - Nærøyfjorden verneområdestyre		2024/2489
RS 11/26	Nærøyfjorden verneområdestyre - brev til Lustrabaatane		2026/712
RS 12/26	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste stigen - motorferdsel - helikopter - Jens Arve Stegen		2026/9845
RS 13/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ramsøy - Gudvangen - Asbjørn Ramsøy		2026/8358
RS 14/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging i samband med tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD - Mattilsynet		2026/9827
RS 15/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - 2026 - transport av ved og utstyr på barmark - Arild Dyrdal		2026/11093
RS 16/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Handadalen - byggetiltak og motorferdsel - 2026 - Arild Dyrdal		2026/10067
RS 17/26	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Frondalen - motorferdsel - fly - forsyninger til hytte og støler - material til bygningsarbeid - Maren Loven		2026/11521
ST 19/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsverneområde - Øvste Stigen - konsert - scene og utedoar - Øvste Stegen Høgdegard		2026/11452
ST 20/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - konsert - motorferdsel - helikopter - Øvste Stegen Høgdegard		2026/11452

ST 21/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss Herad - Kongevegen - 2026 - Tiltak på Kongevegen over sivlesteinen - Statens vegvesen	2026/10250
ST 22/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen	2026/10243

ST 16/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 17/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Framlegg på Marta Sofie Vange til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 18/26 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Referatsaker og delegerte saker vart lagt fram til orientering.

Vedtak

RS 10/26 - Nærøyfjorden verneområdestyre ynskjer å overta forvaltningsansvaret for Frønningen naturreservat. Forvaltar sender brev til Statsforvaltaren i Vestland med denne informasjonen.

Referatsaker og delegerte saker vart tatt til orientering.

ST 19/26 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsverneområde - Øvste Stigen - konsert - scene og utedoar - Øvste Stegen Høgdagard

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdagard løyve til å sette opp ei midlertidig scene og to midlertidige utedoar knytt til konsertarrangement 8. august 2026.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Dei to utedoane kan vere inntil 1,20m x 1,20m og skal byggast av plater med bølgeblekk på taket. Doane skal stå på ein palle, der sjølve toalettringen kjem bakom pallen, slik at avføringa går i eit meter-djupt hol i marka, diameter ca. 60 cm. For å halde doen på plass, kan det slåast ned tofire i kvart hjørne på pallen, på oppsida.
- Utedoane skal settast opp i tilknytning til låven, sør eller vest for låven.
- Scene kan settast opp som vist i figur 2 i saksopplysnignar.
- Scena kan vere inntil 3m x 6m og lagast av eit reisverk av tre med stillasflakar som golv og presenning som tak. Taket kan dekkast av bjørkegreiner eller liknande naturmateriale. Scena kan fundamenterast med tofire i hjørna.
- Utedoane og scena kan settast opp i siste halvdel av juli, helst så nærme konsertdatoen som praktisk mogleg.
- Scena og ein av utedoane skal takast ned så snart som mogleg etter konserten, seinast 22 august. Den andre utedoen kan stå til første veka i september.
- Etter at dei er fjerna skal dohol fyllast med stadeigen masse og grunnen tilbakeførast slik at det ikkje er varige spor etter verken doane eller scena.

Alt skal byggast av materiale som finnes på staden eller som kan bærast opp.

ST 20/26 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - konsert - motorferdsel - helikopter - Øvste Stegen Høgdegard

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med eit tillegg;
Det vert stilt krav om køyrebok. Kravet vert formulert ut frå standardformulering for slike krav.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdegard løyve til fire helikopterlandingar på Øvste Stigen i perioden 7.-9. august 2026, knytt til arrangement av konsert.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48, fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan gjennomførast to flygingar opp med utstyr 7. eller 8. august og to flygingar ned igjen med det same utstyret 9. august. Flygeruta er frå Hjellum til Øvste Stigen.
- Bruken av helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Det kan transporterast instrument og utstyr til 6 bandmedlemmar og utstyr til lydmann, samt fleire straumaggregat.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Dette løyvet skal vere med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport om transporten til sekretariatet for verneområdestyret innan 30.10.2026
- Køyrebok skal fyllast ut før transporten tek til. Køyrebok og dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.

ST 21/26 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss Herad - Kongevegen - 2026 - Tiltak på Kongevegen over sivlesteinen - Statens vegvesen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Saka vart diskutert i møtet. Styret er kritisk til at tiltaket er gjennomført utan at det er søkt om løyve.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å gjera mellombelse tiltak på kongevegen mellom Stalheim og Sivlesteinen i samband med at denne vegen skal nyttast som turveg medan det er arbeid på Stalheimskleiva.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan leggjast ei enkel bru over bekken midt på strekninga. Denne brua treng ikkje fjernast når arbeidet på Stalheimskleiva er avslutta.
- Det kan leggjast bork på dei våtaste partia på stien.
- Tilrettelegginga med bork og trestammar langs stien skal fjernast innan 01.11.2027.
- Tiltakshavar skal rydde området tilbake til den tilstand den var før tiltaka vart gjennomført for å ivareta naturtilstanden.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdeforvaltninga innan 01.12.2027.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

ST 22/26 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Voss herad - Stalheimskleiva - 2026 - tiltak på vegen ned til Sivlesteinen - Statens vegvesen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 29.06.2026

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å restaurera vegen i Stalheimskleivi mellom Stalheim og Sivlesteinen i det partiet som er i Nærøyfjorden landskapsvernområde, ca. 250 meter.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Asfalt og overskotsmassar med grus kan fjernast frå vegen. All overskotsmasse som ikkje skal nyttast i vegen, skal fraktast ut av området og takast hand om på ein forskriftsmessig måte.
- Stikkrenner av plast skal fjernast, og originale stikkrenner skal gjenopnast.

- Stabbesteinsrekkverket skal reetablerast på heile strekninga. Supplering av stabbesteinar som vera av tilsvarande steinar.
- Murane på vegen skal restaurerast. Så langt det er mogleg skal steinar i murane nyttast opp att. Dersom det må supplerast med nye steinar, skal det nyttast tilsvarande steinar.
- Betongmuren langs indre grøft kan fjernast dersom det er beste løysinga for vegen. Betongen skal i tilfelle fjernast frå området og takast hand om på ein forskriftsmessig måte.
- Det kan leggjast grus eller asfalt som vegdekke.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdeforvaltninga når arbeidet med øvste del av Stalheimskleivi er avslutta.
- Dette løyvet gjeld i 3 år frå vedtaksdato.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.